

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3228-292

## Regionreforma og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vurderer det slik at den statleg initierte regionreformprosessen anten kan føre til at tal folkevalde fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert eller til at tal folke-valde fylkeskommunar/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå.
2. Fylkestinget ser det som positivt om tal fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert. Viss Stortinget gjer vedtak om ein slik reduksjon, er vår fylkeskommune difor positiv til at vi blir ein del av ein større region. Viss Stortinget derimot kjem til at tal fylkeskommunar/regionar skal vidareførast på tilnærma dagens nivå, vil Sogn og Fjordane halde fram, og vidareutvikle seg, som eigen fylkeskommune/region.
3. Fylkestinget sitt **primære standpunkt** – som føreset at Stortinget gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar – er at Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland går saman i ein ny region – Vestlandsregionen. Det vert i så måte vist til intensjonsplanen av 15.09.16 og den gjennomførte høyringsprosessen, og særleg då til uttalane frå kommunane.

Fylkestinget vil, med grunnlag i inndelingslova, søkje statleg styremakt om slik samanslåing. Det er ein føresetnad at Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søkjer tilsvarande.

Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017, jf. inndelingslova § 26. Ein vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

4. Fylkestinget legg intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein slik vestlandsregion, med følgjande presiseringar:
  - a) Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, makt-spreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.
  - b) Det vert lagt til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye regionen.
  - c) Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.

- d) Ekspertutvalet som i 2017 skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både samfunnsutviklarrolla og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.
  - e) Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
5. Fylkestinget sitt **subsidiære standpunkt** – som også føreset at Stortinget gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar, men som elles baserer seg på at intensjonsplanen av 15.09.16 berre får tilslutning i Sogn og Fjordane og Hordaland – er at Sogn og Fjordane søker vidare forhandlingar med Hordaland og ev. også Møre og Romsdal, jf. elles pkt. a.-c.:
- a) I dette tilfelle får det fylkeskommunalt oppnemnde forhandlingsutvalet i oppdrag å søkje og gjennomføre ein ekstra forhandlingsrunde med Hordaland. Desse forhandlingane må vere avslutta i januar 2017, gjennom ekstraordinære fylkesting i begge fylka. Dette føreset at også Hordaland er innstilt på ein slik ekstrarunde, samt at ein på statleg hald aksepterer dette.
  - b) I dette tilfelle, og i framkant av ein slik eventuell forhandlingsrunde, legg fylkestinget til grunn at Sogn og Fjordane og Hordaland på nytt inviterer Møre og Romsdal med på forhandlingar. Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarende planen av 15.09.16. Møre og Romsdal må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at også Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.
  - c) I dette tilfelle gjeld pkt. 3, 2. og 3. avsnitt, og pkt. 4 tilsvarande, men då tilpassa dei fylkeskommunar som vert med på ei slik subsidiær løysing.

**Vedlegg:**

1. Samandrag av høyringsfråsegner. Notat frå fylkesrådmannen (28.11.2016).
2. Høyringsbrev frå fylkesrådmannen (26.10.2016).
3. Intensjonsplan for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane (15.09.2016).
4. Regionreforma på Vestlandet – utgreiing for etablering av Vestlandsregionen (oktober 2016).
5. Referat frå forhandlingsmøte I den 18.- 19.08.2016 (Solstrand Hotel, Os).
6. Referat frå forhandlingsmøte II den 01.- 02.09.2016 (Sola Strand Hotel, Sola).
7. Drøftingsprotokollar frå informasjons- og drøftingsmøta 26.09.2016 og 09.11.2016.

**Fylkeskommunale dokument (som ikkje ligg ved):**

1. Fylkestingssak 65/15, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Regionreforma».
2. Fylkesordføraren sin førespurnad til Hordaland, Rogaland og Møre og Romsdal (19.01.2016).
3. Felles forventningsbrev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (15.03.2016).
4. Fylkesutvalssak 35/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Regionreforma – status og framdrift».
5. Fylkestingssak 24/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Framtidig Vestlandsregion – status, organisering og framdrift».
6. Fylkestingssak 39/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Intensjonsplan for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar».

**Relevante bakgrunnsdokument (som ikkje ligg ved):**

1. Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver».
2. Meld. St. 14 (2014–2015) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar».
3. Fylkesordførarkollegiet (2014): «Oppgavefordeling ved en kommune- og regionreform».
4. Regjeringa sitt ekspertutval (2014): «Kriterier for god kommunestruktur».

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

**Ved Stortinget si handsaming av Meld. St. 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» var det fleirtal for at dagens 19 fylkeskommunar bør reduserast til om lag 10 folkevalde regionar. Det var også fleirtal for at dette bør gjennomførast parallelt med kommunereforma. Fylkesrådmannen meiner at dersom ei nasjonal regionreform vert gjennomført i tråd med dette, bør Sogn og Fjordane fylkeskommune, i samsvar med inndelingslova, søkje om at Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region frå 01.01.20 – Vestlandsregionen.**

Fylkesrådmannen vurderer det slik at den statleg initierte regionreformprosessen anten kan føre til at tal folkevalde fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert eller at talet på folkevalde fylkeskommunar/regionar vert vidareført på tilnærma dagens nivå. Fylkesrådmannen meiner fylkestinget primært bør stille seg positiv til at tal fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert. Viss Stortinget gjer vedtak om ein slik reduksjon, bør vår fylkeskommune såleis vere positiv til at vi blir ein del av ein større region. Viss Stortinget derimot kjem fram til at tal fylkeskommunar/regionar skal førast vidare på tilnærma dagens nivå, bør fylkestinget gjere det klart at Sogn og Fjordane ønskjer å halde fram, og vidareutvikle seg, som eigen fylkeskommune/region.

Fylkestinget sitt primære standpunkt bør såleis leggje til grunn at Stortinget i juni 2017 gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar, og at Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland då går saman i ein ny region. Fylkesrådmannen meiner i så fall fylkestinget må leggje intensjonsplanen av 15.09.16 og den gjennomførte høyringa, og særleg uttalane frå kommunane, til grunn for eit slikt vedtak. Fylkestinget må òg leggje til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også går for at dei tre fylkeskommunane søkjer om samanslåing.

Fylkestinget bør ta sikte på å nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017, jf. inndelingslova § 26. Ein bør då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

Fylkestinget bør leggje intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein slik vestlandsregion, men bør samstundes gjere følgjande presiseringar alt no:

Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.

Ein bør følgje opp fleirtalet av høyringsfråsegnene som hevdar at nynorsk bør vere administrasjonsspråk for ein vestlandsregion. Dette er gjeldande også i dag i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. I dag er Sogn og Fjordane det fylket der nynorsk står aller sterkast, og det einaste fylket der nynorsk er eit majoritetsspråk. Fylkestinga bør ved oppnemning av fellesnemnd våren 2017 vere innstilt på å gje nemnda mynde til å vedta administrasjonsspråk for ein framtidig vestlandsregion.

Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.

Ekspertutvalet som skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både samfunnsutviklarrolla og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.

Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vil vere ei monaleg styrking av norsk forvaltning å få på plass sams regiongrenser på regionalstatleg og regionalt folkevalt nivå. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

Fylkestinget sitt subsidiære standpunkt bør også setje som føresetnad at Stortinget gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar. Fylkesrådmannen gjer framlegg om at fylkestinget, dersom intensjonsplanen av 15.09.16 berre får tilslutning i Sogn og Fjordane og Hordaland, tek sikte på at Sogn og Fjordane søkjer vidare forhandlingar med Hordaland og ev. også Møre og Romsdal.

I dette tilfelle bør det fylkeskommunalt oppnemnde forhandlingsutvalet få i oppdrag å gjennomføre ein ny forhandlingsrunde med Hordaland. Desse forhandlingane må vere avslutta i januar 2017, gjennom ekstraordinære fylkesting i begge fylka. Dette føreset at Hordaland er innstilt på ein slik ekstrarunde, samt at ein på statleg hald aksepterer dette.

I framkant av ein slik ny forhandlingsrunde, bør fylkestinget leggje til grunn at Sogn og Fjordane og Hordaland på nytt inviterer Møre og Romsdal med på forhandlingar. Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal fylkeskommune må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset dessutan at Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.

## **2. Bakgrunn**

### **Saksframstillinga – føremål og oppbygging**

I tida 26.10.–23.11.16 har fylkesrådmannen gjennomført ei brei, offentleg høyring av den framforhandla intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar. Høyringa får stor merksemd i saksutgreiinga. Dei innkomne fråsegnene har synspunkt både på det overordna spørsmålet om samanslåing samt på konkrete enkeltpunkt i intensjonsplanen. Målet med høyringa har vore å få inn grunngevevne synspunkt, tydelege argument og konstruktive innspel til det vidare regionreformarbeidet.

Fylkesrådmannen opplever at kommunane, fylkesdekkande organisasjonar og andre på ein svært god måte har medverka til å belyse intensjonsplanen og regionreforma frå fleire sider - og dette på ein grundig måte. Fylkesrådmannen legg ei samla vurdering av problemstillingar som vert reiste i høyringsuttalane ved saksutgreiinga. Sjølve høyringsfråsegnene er i tillegg lagde ved saka i sin heilskap.

I tillegg til å klårgjere det overordna spørsmålet om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal søkje Stortinget om samanslåing, er det i saka viktig å vurdere kva for konkret oppfølging som må førebuast etter at hovudspørsmålet er avklart. Dersom dei tre fylkeskommunane gjer positive vedtak om samanslåing vil Kommunal- og moderniseringsdepartementet truleg ta initiativ til ein serie drøftingsmøte mellom fylkeskommunane. Møta vil ta føre seg spørsmål som departementet må avklare for å kunne førebu ein kongeleg resolusjon etter at Stortinget eventuelt har sagt ja til fylkessamanslåing. Fylkesrådmannen tek difor i saksutgreiinga opp tilhøve knytt til oppfølginga etter eit slikt vedtak, og vurderer også arbeidet som ev. må planleggjast frå vinteren og våren 2017.

### **Bakgrunn for forhandlingar – forhandlingsutvalet si rolle**

I samband med at Stortinget våren 2015 handsama Meld. St. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», vart det vedteke å invitere fylkeskommunane inn i reformarbeidet.

Fylkeskommunane vart i brev frå kommunal- og moderniseringsministeren 02.07.15 inviterte til å gjennomføre «nabosamtalar» for å vurdere grunnlaget for strukturendringar på regionalt nivå. Det vart sett ein frist til å gjere vedtak i samanslåingss spørsmålet til hausten 2016.

I Sogn og Fjordane tok fylkestinget 09.12.15 eit initiativ til at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal skulle greie ut ein ny handlekraftig, folkevald region. Fylkesordføraren sende på denne bakgrunn ut ein [førespurnad 19.01.16](#) (jf. klikkbar lenkje) der ho inviterte til slike nabosamtalar. Rogaland og Hordaland fylkeskommunar valde å gå inn i eit felles utgreiings- og forhandlingsarbeid med Sogn og Fjordane. Fylkesordføraren i Møre og Romsdal slo i møte med fylkesordføraren vår 29.06.16 fast at fylkestinget der, med bakgrunn i inntektssystem, folketal og førespegla framtidige oppgåver, ikkje ser trong for samanslåing for å kunne levere gode tenester og drive god samfunnsutvikling i framtida.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane etablerte 18.04.16 eit utval som skulle forhandle fram ein intensjonsplan for ein framtidig vestlandsregion saman med Hordaland og Rogaland. Utvalet vart sett saman av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, ein representant frå den politiske opposisjonen i fylkestinget, fylkesrådmannen og ein tillitsvaldrepresentant.

### **Intensjonsplan og utgreiingsarbeid – kunnskaps- og drøftingsgrunnlag**

Forhandlingane resulterte 15.09.16 i ein intensjonsplan for etablering av ein vestlandsregion (jf. referat i vedlegg 5 og 6). Sjølv om det ikkje er eit vilkår i inndelingslova, har det vorte vanleg praksis for kommunar og fylkeskommunar som slår seg saman at dei i ein tidleg fase utarbeider og vedtek ein slik intensjonsplan. Føremålet er at planen skal avklare løysingsframlegg i høve dei mest sentrale spørsmåla før det vert gjennomført offentleg høyring og før endelege politiske vedtak. Planen utgjør såleis eit heilt sentralt grunnlag for høyringsintansane og innbyggjarane som får høve til å uttale seg om planane.

Til forhandlingane vart det lagt fram eit utgreiingsarbeid som kunnskaps- og drøftingsgrunnlag. Dette var konsentrert rundt formuleringar og konkrete tema i intensjonsplanen. Kunnskapsgrunnlaget er samanstilt i rapporten «Regionreforma på Vestlandet – utgreiing for etablering av Vestlandsregionen» (jf. vedlegg 4). Rapporten vart også lagt ved intensjonsplanen under høyringa. Fylkesrådmennene og eit eige sekretariat for forhandlingsprosessen har hatt ansvaret for å leie og gjennomføre utgreiingsarbeidet.

Fylkesrådmannen vil understreke at kunnskapsgrunnlaget i nemnde utgreiingsrapport ikkje tek opp alle aktuelle spørsmål knytte til dagens og framtidas Vestland. Utgreiinga konsentrerer seg om spørsmåla som forhandlingsutvala frå dei tre fylkeskommunane (i sitt første fellesmøte 27.05.16) var samde om å drøfte og avklare nærare. Forhandlingsutvala vurderte desse temaa som overordna viktige for fylkestinga sine vidare drøftingar, for den offentlege høyringa og for endelege, fylkesvise politiske vedtak. I juni 2016 slutta dei tre fylkestinga seg til dei tema forhandlingsutvala var komne fram til.

### **Fylkestinget sitt høyringsvedtak og påfølgjande informasjons- og drøftingsarbeid**

Fylkestinget la 18.10.16 «Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland» ut på ei brei offentleg høyring i perioden 26.10.–23.11 gjennom følgjande høyringsvedtak:

1. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på ei brei offentleg høyring der alle får høve til å sende høyringssvar.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også legg intensjonsplanen ut på høyring i sine fylke. Dersom ikkje alle tre fylkestinga gjer vedtak om høyring, får fylkesutvalet fullmakt til å vurdere om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal starte ein dialog med fylkeskommunar som ønskjer å vurdere moglege nye regionløyisingar.

3. Fylkestinget legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk som ei naturleg følgje av omtalen av nynorsk som viktig identitetsbyggjar.
4. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tek sikte på å gjere vedtak i høve vidare arbeid med regionreforma i desember 2016. Då vil ein ta stilling til om det er aktuelt å sende ein felles søknad til Stortinget om samanslåing av Sogn og Fjordane med andre fylkeskommunar.

I høve fylkestinget sin føresetnad i punkt 2, gjorde fylkestinga i Hordaland (5. oktober) og Rogaland (25. oktober) tilsvarande vedtak om å leggje intensjonsplanen ut på offentleg høyring.

Inndelingslova kap. 3 «Initiativ og saksførebuing» peikar på at ein bør hente inn synspunkt på forslag rundt samanslåing frå innbyggjarane. Dette kan gjerast gjennom folkerøysting, spørjeundersøking, folkemøte eller på annan måte. Fylkestinget valde å leggje intensjonsplanen ut på ei offentleg høyring der alle skulle ha høve til å sende høyringssvar.

På fylkeskommunen si heimeside [www.sfj.no](http://www.sfj.no) har det vore lagt til rette for å leggje inn tilbakemelding i eit eige nettskjema. Dette for å skape ein så låg terskel som mogleg for å gje synspunkt. Regionreforma har fått stor merksemd gjennom media på Vestlandet og nasjonalt, og fylkeskommunen har nytta heimesida, pressemeldingar og sosiale medium til å formidle informasjon og innkomne synspunkt fortløpande.

Fylkesrådmannen har nytta to allmøte i sentraladministrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune sommaren og hausten 2016 for å informere og oppdatere tilsette i saka. Eit tredje møte vert gjennomført rett i forkant av fylkestinget si handsaming i desember. Det er også gjennomført informasjons- og drøftingsmøte med dei hovudtillitsvalde hausten 2016, der føremålet har vore å få innspel undervegs i forhandlingsarbeidet og til saksutgreiinga (26.09., 09.11., 23.11. og 30.11.). Dei tilsette sin rett til medverknad er ivareteken i samsvar med arbeidsmiljølova sitt kap. 8 og hovudavtalen sin del B, § 1. Drøftingsprotokollar frå to av møta med dei tilsette sine organisasjonar er lagt ved saka. Dessutan har ein fylkeshovudtillitsvald vore direkte representert i forhandlingsutvalet som har forhandla fram intensjonsplanen, noko som gjeld for alle dei tre fylkeskommunane.

### **3. Intensjonsplan for samanslåing – fylkesrådmannen si vurdering**

#### **Fellesaktivitetar og forventningsbrev som innleiing til forhandlingane**

Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland orienterte 15.03.16 Kommunal- og moderniseringsdepartementet, samt Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité, i eit eige [forventningsbrev](#) (jf. klikkbar lenkje), om at det var innleia drøftingar for å sjå på moglegheiter og utfordringar ved samanslåing. I brevet vart det orientert om førebelse vedtak og status, samt at ein då hadde starta ein politisk prosess for å forhandle fram ein intensjonsplan for ein eventuell vestlandsregion.

Fylkesordførarane varsla gjennom brevet at fylkeskommunane stiller tydelege krav om overføring av nye samfunnsoppgåver, dersom ei regionreform skal ha noko føre seg. Fylkesordførarane heldt 09.05.16 ei felles innleiing under Kommunal- og forvaltningskomiteen si høyring knytt til Meld. St. 22 (2015-16). Fylkesordførarane stilte også med felles innleiing i eit avklaringsmøte med kommunal- og moderniseringsministeren 07.09.16.

Forhandlingsutvala frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane møttest første gongen 27.05.16 for å drøfte felles målsetjingar med å etablere ein ny folkevald region, og for å fastsette forhandlingstema. Med bakgrunn i konklusjonane la fylkesrådmannen i juni fram FT-sak 24/16 «Framtidig Vestlandsregion – status organisering og framdrift» med ei liste over alle planlagde forhandlingstema.

#### **Mål for ein framtidig vestlandsregion**

Eit heilt sentralt utgangspunkt for intensjonsplanforhandlingane for ein framtidig vestlandsregion, var Stortinget si handsaming av Meld. St. 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» 08.06.16. Gjennom handsaminga fekk ein stadfesta at det er fleirtal på Stortinget for å redusere talet på folkevalde regionar i Noreg frå dagens 19 fylkeskommunar til om lag 10.

Intensjonsplanen slår fast at det overordna målet er at ein vestlandsregion skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring. I tillegg var det i forhandlingane semje om seks hovudmål for ein framtidig vestlandsregion:

1. Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region.
2. Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet.
3. Høg kvalitet i tenestene gjennom ein desentralisert struktur for tenesteyting.
4. Strategisk infrastrukturbygging.
5. Kultur og identitetsbygging.
6. Berekraftig forvaltning av dei samla ressursane.

Fylkesrådmannen meiner dei seks hovudmålsetjingane speglar omsyna forhandlingsutvala har lagt vekt på som grunnlag for ein framtidig vestlandsregion. Ved ein reduksjon i talet på folkevalde regionar til om lag 10, ligg det til rette for at ein vestlandsregion får større demokratisk påverknad nasjonalt. Innanfor ein større region kan vi arbeide meir målretta og samordna m.a. for å sikre fleire statlege etableringar til Vestlandet enn det fylkeskommunane kan få til kvar for seg, jf. hovudmål 1.

Fylkesrådmannen understrekar at ein føresetnad for eit sterkare demokratisk regionnivå er at viktige samfunnsoppgåver vert overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Nye oppgåver må sjåast i samheng med våre noverande ansvarsområde. Fylkesrådmannen forventar at det nye ekspertutvalet, som Stortinget la til rette for å få oppretta i samband med handsaminga av Meld. St. 22 (2015-16), tek på alvor at nye regionar skal utgjere eit styrka folkevalt mellomnivå i den norske forvaltninga.

Hovudmål 2 slår fast at vi innanfor rammene av ein vestlandsregion får ei moglegheit til å ivareta samfunnsutviklarrolla meir samordna. Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunane alt i dag er sterke initiativtakarar for lokal og regional samfunnsutvikling. Ei styrka rolle handlar om å koordinere summen av innsats retta mot fagområde som samfunns- og arealplanlegging, klima og miljøvern, folkehelse, kompetanse og opplæring, kultur, ressursforvaltning, samferdsle, infrastruktur og næringsutvikling på Vestlandet. Arbeidet krev samarbeid med offentlege styresmakter som regionalt folkevalt nivå ikkje har instruksjonsmynde over. Mobilisering av private aktørar og lokale og regionale interesser krev ein langsiktig og heilskapleg regional planstrategi. Fylkesrådmannen understrekar at eit regionalt folkevalt nivå er den einaste naturlege leiaren i ein stor og mangfaldig regional partnerskap.

I intensjonsplanforhandlingane vart det lagt særleg stor vekt på at verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon må bygge opp under den regionale partnerskapen sine satsingsområde.

Ein vestlandsregion skal vidareutvikle tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur, jf. hovudmål 3. Det vil vere avgjerande for den vidare samfunnsutviklinga i Sogn og Fjordane at vi tek vare på, og styrkar, fokuset på å yte gode tenester der innbyggjarane bur og lever. Fylkesrådmannen meiner prinsippet om ein brukarnær og desentralisert struktur understrekar at oppgåver innanfor alle sentrale fagområde skal utførast i alle dei tre fylka også i framtida. Dette er ein føresetnad for ein ny region.

Hovudmål 4 peikar på behovet for betre samband internt i regionen, der også gode kommunikasjonar mot resten av landet og Europa står sentralt. Fylkesrådmannen meiner satsing på infrastruktur og kommunikasjonar bør føre til at vi nyttar synergjar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skaper sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som vekstregion.



Kultur og identitetsbygging er trekt fram som eit eige hovudmål 5. Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles regional kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbyggjarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Intensjonsplanen peikar på at nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Fylkesrådmannen viser til at fylkestinget alt 18.10.16 slo fast at nynorsk bør vere administrasjonsspråk i ein framtidig vestlandsregion, og at han støttar dette.

Hovudmål 6 slår fast at vi skal arbeide for ei berekraftig forvaltning av dei samla ressursane vi rår over. Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg. Kompetanse, naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte. I den vidare organisasjonsutforminga må fokuset på ei berekraftig forvaltning og tenesteyting stå heilt sentralt.

### **Fellesnemnd for overgangsperioden – oppstart våren 2017**

Til arbeidet med å planleggje og førebu ein vestlandsregion legg intensjonsplanen opp til at det vert oppnemnd ei fellesnemnd frå dei tre fylkestinga, jf. inndelingslova (§ 26). Nemnda skal spegle innbyggjartalet, og det skal vere minst tre medlemmer frå kvar fylkeskommune. Fellesnemnda vert vald av og blant medlemmane i fylkestinget. Kommunelova sine reglar om val og sakshandsaming gjeld for nemnda. Fylkeskommunane kan opprette eitt eller fleire felles partssamansette utval etter kommunelova § 25 for saker som gjeld tilhøvet mellom den nye organisasjonen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og budsjettet for det første driftsåret for den nye organisasjonen. Nemnda skal gje fråsegn til KMD om årsbudsjetta/økonomiplanen for fylkeskommunane. Andre oppgåver og fullmakter vert fastsette i eige reglement som må vedtakast i alle fylkestinga. Fellesnemnda kan elles få fullmakt til å gjere tilsetjingar. Dette omfattar m.a. tilsetjing av administrasjonssjef. Nemnda kan òg få fullmakt til å føre deltaking i interkommunalt samarbeid vidare. Reglane i § 59 i kommunelova om lovlegkontroll gjeld tilsvarende for avgjerder nemnda tek. Funksjonsperioden for nemnda går ut når det nye fylkestinget (regiontinget) er konstituert.

Intensjonsplanen legg opp til at fellesnemnda vert sett saman av 30 medlemmer frå fylkestinga i Sogn og Fjordane (7), Hordaland (12) og Rogaland (11). Under nemnda skal det vere eit arbeidsutval med 11 medlemmer, der Sogn og Fjordane får 3, Hordaland 4 og Rogaland 4 representantar. Planen rår til at nemnda får i oppgåve å føreslå endeleg politisk organisering. Nemnda får også i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen for ein vestlandsregion. Dersom fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland i desember 2016 gjer vedtak om å søkje samanslåing, gjer fylkesrådmannen framlegg om at fylkestinget i Sogn og Fjordane nemner opp sine representantar til fellesnemnda, i samsvar med inndelingslova § 26, i april 2017. Fylkestinget bør då og ta stilling til mandatet fellesnemnda skal arbeide etter, og bør då også delegere ei viss avgjerdsmynde til nemnda.

### **Regiontinget og den politiske organiseringa – representantar, valordning og styringsprinsipp**

Intensjonsplanen legg opp til at regiontinget får 71 representantar. Ein vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet 2019 som godkjend overgangsordning, og for Stortingsvalet etter at det er gjort grunnlovsendringar i nasjonal valordning. Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre mandat frå kvart av dagens fylke, vil regiontinget vurdere å nytte ei slik ordning. Fleire høyringsfråsegner peikar på at eit utjamningsmandatopplegg vil sikre fylket ein viktig minsterepresentasjon.

Formannskapsmodellen vert politisk styringsform for regionen. Fylkesrådmannen meiner det er fornuftig å velje eit styringsprinsipp som fremjar størst grad av samarbeid og konsensusorientering i regiontinget.

Intensjonsplanen legg opp til at Bergen vert administrasjonssenter med rådmannsfunksjon og politisk leiing. Fylkesrådmannen er oppteken av at regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger, og at tinget slik sikrar best mogleg kjennskap til regionen sine ulikskapar og ulike utfordringar. Regionutvalet sine møte, tilsvarande dagens fylkesutval, vil i hovudsak vere lagt til administrasjonssenteret. Møta i hovudutvala for næring, opplæring og kultur og idrett vil som hovudregel vere i Stavanger. Møta i samferdsleutvalet vert som hovudregel haldne i Leikanger.


### Administrativ organisering og leiingsdeling

Den politiske organiseringa inneber eitt regionting, eitt regionutval og fire hovudutval: *samferdsle, næring, opplæring og kultur og idrett*. Administrasjonssjefen vil ha ansvar for å serve politisk nivå, drive overordna strategisk samordning og styring av regionen. Dette omfattar eit overordna ansvar for m.a. regional planlegging, økonomisk planlegging og klima-, miljø- og folkehelsesatsing. Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for den administrative organiseringa.

Med fire hovudutval og seks administrative fag-/lineavdelingar, vil to av hovudutvala – *samferdsle og kultur/idrett* – få sakstfang og tilrådingar frå to fylkes-/regiondirektørar. Samferdsleutvalet får sine administrative tilrådingar frå fylkes-/regiondirektør for kollektivtransport og fylkes-/regiondirektør for veg. Tilsvarande vil kultur- og idrettsutvalet få sine administrative tilrådingar frå fylkes-/regiondirektør for kultur og fylkes-/regiondirektør for idrett.

Fylkesrådmannen understrekar at oppgåver innanfor dei sentrale fagområda framleis skal kunne utførast i dagens fylke. Tilsette skal kunne halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ fagleiing har hovudsete. Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til endeleg politisk organisering innanfor desse rammene, og må leggje moderne arbeidsformer og erfaringane vi har med geografisk avstandsleiing til grunn i all vidare organisasjonsutforming.

Figuren syner fordeling av administrativt leiingsansvar, slik dette er definert i intensjonsplanen:



Figur 1: Overordna administrativ organisasjonsskisse: Leiingsdeling.

### Arbeidsgjevaransvaret og dei tilsette i regionreforma

Ein vestlandsregion vert eit nytt rettssubjekt. Arbeidsmiljølova kap. 16-4 regulerer dei tilsette sine rettar ved slik verksemdsoverdraging. Overdraging av verksemd til annan arbeidsgjevar er i seg sjølv ikkje grunn for oppseiing frå tidlegare eller ny arbeidsgjevar. Ingen av dei tilsette i fylkeskommunane skal på samanslåingstidspunktet kunne seiast opp som direkte følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med. Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av

«dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan relevant stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter samtalar i tråd med lov- og avtaleverk.

Fylkesrådmannen meiner det er fornuftig med eit femårig vern mot oppseiing av medarbeidarar som vert overtalige som direkte følgje av samanslåinga. Ein skal i størst mogleg grad nytte naturleg avgang som verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess. Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at dei tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for overgangsordningar skal også ha fem års varigheit frå samanslåingsdato.

Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk, og som skal vurdere ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Fylkesrådmannen legg til grunn at partane elles skal forhandle fram felles retningslinjer for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad. Dette får brei støtte i høyringsrunden, og skal gjerast i samband med at det vert utarbeidd ein heilskapleg omstillingsavtale med dei tillitsvalde. Ei eiga felles partssamansett arbeidsgruppe skal utarbeide eit framlegg til ein slik omstillingsavtale.

### **Økonomi**

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter i form av aksjeutbytte og konsesjonskraftvinst, legg intensjonsplanen opp til at fylket kan byggje opp eit investerings- og disposisjonsfond fram mot regionetableringa i 2020. Heile beløpet frå salet av Fjord1 AS skal kunne inngå i fondet, og fondsmidlane skal kunne nyttast til investerings- og utviklingsprosjekt i dagens Sogn og Fjordane. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr. Fellesnemnda skal, jf. intensjonsplanen kap. 7, utarbeide forslag til vedtekter for fondet. Regiontinget forvaltar fondet, men kan delegerare oppgåva til eit fondsstyre – som i så fall bør vere tungt forankra i Sogn og Fjordane.

I samband med forhandlingane kring intensjonsplanen vart fylkesrådmennene utfordra på å utarbeide eit oppsett på totale inntekter for den nye vestlandsregionen med utgangspunkt i dagens inntektssystem for fylkeskommunane. Forhandlingsutvala drøfta korleis kostnadsnøkklane i inntektssystemet vert påverka av at ein slår saman fylkeskommunane. Både av mangel på grunnlagsdata og av tidsomsyn vart det under forhandlingane ikkje gjort ei slik samanlikning. Fylkesrådmennene slo fast at ei samanlikning ville ha liten relevans, fordi det i alle høve er varsla eit nytt inntektssystem parallelt med implementeringa av reforma.

### **Vilkår for ein vestlandsregion**

Forhandlingsutvala slutta seg 15.09.16 til intensjonsplanen, men valde å tydeleggjere fem vilkår for å etablere ein vestlandsregion. Fylkesrådmannen meiner fylkestinget bør leggje desse til grunn vidare:

- a) Viktige samfunnsoppgåver vert overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Desse vert sett i samanheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane har i dag.
- b) Ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring skal framleis liggje til regionnivået.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye vestlandsregionen, og at fylka i denne prosessen ikkje vert delte.
- e) Dei tre fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiding frå Sogn og Fjordane.

## 4. Innkomne høyringsfråsegner – oversyn og oppsummering

### Samla oversyn over høyringssvara

Fylkesrådmannen presenterer her eit oversyn over innkomne høyringsfråsegner. Ei samla oversikt ligg i dei publiserte høyringssvara på fylkeskommunen si heimeside samt som vedlegg til denne saksutgreiinga.

Dei til saman 260 høyringssvara som fylkesrådmannen per 29.11.2016 har fått inn, fordeler seg slik:

Høyringsinstansar	Totalt
Kommunar	21
Statlege etatar	3
Politiske parti/lokallag	27
Arbeidstakarorganisasjonar	8
Næringsorganisasjonar	4
Mållag/nynorskorg.	32
Andre organisasjonar	11
Enkeltpersonar	154
Andre	0
Sum	260

### Generelt om høyringsfråsegnene

Av høyringssvara som stiller seg positive til ein framtidig vestlandsregion med utgangspunkt i intensjonsplanen, vert det gjerne lagt vekt på følgjande hovudelement:

- Ein større, handlegkraftig vestlandsregion vil medverke til å styrke det folkevalde nivået dersom viktige samfunnsoppgåver vert overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå.
- Vestlandsfylka si gjennomslagskraft overfor Stortinget og sentraladministrasjonen i Oslo kan bli styrka ved at regionen får ei felles, samla røyst i den nasjonale debatten.
- Det vert sett på som positivt at forhandlingane konkluderte med at den framtidige fylkesmannen bør leiast frå Sogn og Fjordane, men likevel skal ha ei desentralisert og nærleiksprega organisering.
- Intensjonsplanen si understreking av at Sogn og Fjordane ikkje skal delast vert vurdert som viktig.
- Vestlandsidentiteten kan bli styrka, men dette bør ikkje gå ut over fylkes-/lokalsamfunnsidentiteten.

Av høyringssvara som stiller seg negative eller skeptiske til ein framtidig vestlandsregion med utgangspunkt i intensjonsplanen, vert det gjerne lagt vekt på følgjande element og problemstillingar:

- Det er ei svakheit ved intensjonsplanen at ikkje nynorsk er fastsett som framtidig administrasjonsspråk for ein vestlandsregion.
- Det vil representere ei demokratisk utfordring med større avstand frå politisk nivå til kommunar og innbyggjarar. Nærleik mellom regionen og den regionale partnerskapen må også ivaretakast.
- Det kan liggje klare avstandsulemper i å styre sektorområde både politisk og administrativt frå Stavanger og Leikanger/Førde. Dette er uansett utkant, og lokalkunnskap kan bli undervurdert.
- Sogn og Fjordane utgjør berre 10% av innbyggjarmassen og vert ein utkant. Deltaking i ein stor vestlandsregion kan innebære at vi gjev frå oss for mykje makt, og i alle fall dersom det ikkje vert tilført monalege nye statlege oppgåver og ansvarsområde som styrkar forvaltningsnivået.
- Prosesen går for snøgt. Det er lagt opp til eit tempo som ikkje tillét fylkeskommunane å gjennomføre tilstrekkeleg gode prosessar. Innbyggjarane burde vore høyrde gjennom ei opplyst folkerøysting.

## Kommunane sine høyringsvar

### Overordna haldning til ein ny folkevald vestlandsregion, jf. intensjonsplanen

Kommunane som innan 29.11.16 har sendt inn fråsegn er ikkje samstemde i tilbakemeldingane til intensjonsplanen og planane om ein vestlandsregion med Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Medan 14 kommunar er positive til ein vestlandsregion, og støttar eit vidare arbeid med utgangspunkt i intensjonsplanen, stiller 7 kommunar seg negative eller skeptiske til planen som grunnlag for ein ny forvaltningsstruktur på Vestlandet. Fylkesrådmannen ser følgjande samla bilete etter høyringa:

Av kommunane som stiller seg positive legg fleire vekt på sjølvne grunnlaget for regionreforma. Ei meir målretta regional samordning av sektorar, der den regionale staten er meir forplikta i regionale planprosessar, vert sett på som viktig for kommunane. Meld. St. 22 (2015-2016) «Nye folkevalde regionar – rolle struktur og oppgåver» legg opp til dette, og at det folkevalde regionnivået skal spele tettare på lag med stat og kommune. Ei styrka regional samfunnsutviklarrolle skal betre leggje til rette for utvikling.

Fleire kommunar legg til grunn at Stortinget ønskjer om lag 10 folkevalde regionar, og meiner det er positivt å vere offensiv i regionreformprosessen. Dette vil styrke potensialet for samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og dei folkevalde regionane. Dagens manglande samanfall mellom fylkesinndelinga og staten si regionale inndeling, og utfordringane dette skaper, vert frå fleire vurdert som uholdbar. Større og færre regionar vil redusere desse utfordringane. Kommunane forventar at når nye kommunale og regionale strukturar er på plass, vil regjeringa sjå på staten sine regionale strukturar for å styrke samhandlinga mellom staten og lokal- og regionalpolitisk nivå ytterlegare.

Av kommunane som stiller seg negative eller skeptiske til ein framtidig vestlandsregion med utgangspunkt i intensjonsplanen, legg fleire vekt på at samanslåinga vil kunne føre til at makt, tenester og arbeids-plassar vert flytte ut av fylket og skape unødvendig avstand mellom dei styrande og lokalsamfunna i Sogn og Fjordane. Det vert peikt på at dersom ein skal godta minussida ved samanslåinga, må reforma ha ei tydeleg plusside, noko fleire ikkje ser. Enkelte syner til at det først bør gjerast klårt frå sentrale styres-makter kva som skal delegerast til regionane av mynde og tenester før ein diskuterer struktur.

Nokre kommunar peikar også på geografiske avstandsulempar i ein ny vestlandsregion. Ei samanslåing av dei tre vestlandsfylka vil utgjere til saman 1,1 millionar innbyggjarar og lange avstandar. Demokratisk medverknad kan og bli svekka ved at tal fylkestingsmedlemar i det nye fylket vert 71 representantar. Den nye regionen er i utgangspunktet tenkt som ein samla valkrins, noko som vil kunne gje dagens Sogn og Fjordane redusert representasjon på Stortinget.

Av kommunane som er negative til intensjonsplanen, meiner fleire det beste alternativet er å slå saman Sogn og Fjordane og Hordaland. Ein slik ny region vil få om lag 1/10 av innbyggjarane i Noreg, og vil såleis svare til kravet om «om lag 10 meir like regionar enn dagens fylke». Ei eventuell ny regioninndeling vil også kunne tvinge fram fleire andre organisatoriske endringar innanfor offentleg og privat sektor. Sogn og Fjordane og Hordaland - som ny region - vil lettare kunne vere målestokk for nye organisatoriske einingar enn den føreslegne store vestlandsregionen. Fleire etatar som politi, beredskap mfl. er allereie på veg inn i ei slik geografisk inndeling, og alle statlege etatar burde kunne organiserast etter den modellen.

### Geografisk inndeling for ein ny region

Kommunane i Sogn og Fjordane er samstemde i synet på at Sogn og Fjordane ikkje skal splittast opp som følgje av regionreforma, og at til dømes heile eller deler av Nordfjord ikkje må frådelast til Møre og Romsdal. To kommunar i Nordfjord ber om at fylkestinget startar eit arbeid for å inkludere heile eller

deler av Møre og Romsdal i den framtidige regionen, då ein i dag har eit nært samanvevd næringsliv og tette relasjonar særleg mellom kommunane i Nordfjord og på Sunnmøre.

Fleire kommunar understrekar at Sogn og Fjordane kanskje er det fylket i dag med den tydelegaste fylkesidentiteten og fellesskapskjensla. Denne identiteten bør vi arbeide for å behalde sjølv om vi inngår i eit nytt regionalt forvaltningsnivå. Fylkesidentitet og fellesskapskjensle vil gå tapt dersom fylket blir delt.

Fleire kommunar presiserer at statlege forvaltningsorgan må samordne sine regiongrenser med dei nye folkevalde regionane, slik at vi får ein samla, ny regionstruktur som lettar all koordinering og samordning på tvers av sektorar og fagetatar. Dette vert sett på som ein av hovudvinstane med regionreforma.

#### Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk

Mange kommunar peikar på at det i dag er 85 kommunar i dei tre vestlandsfylka, og at 67 av desse har nynorsk språkvedtak, 15 er nøytrale og 3 er bokmålskommunar. 15 kommunar føreset at fylkestinga vedtek nynorsk som administrasjonsspråk. Enkelte trekkjer i tillegg fram at nynorsk bør vedtakast som statleg tenestespråk for den skriftlege dialogen mellom statlege einingar og den nye vestlandsregionen.

#### Oppgåver og ansvarsområde for ein ny region

Åtte kommunar held særleg fram at ein vestlandsregion med om lag 1,1 mill. innbyggjarar må få overført viktige samfunnsoppgåver for at ei folkevald regionalisering skal ha ein demokratisk meirverdi. Med eit kommune- og regionlandskap i endring, vil rolla som regional utviklingsaktør og samfunnsutviklar vere viktig. Fleire kommunar meiner at samarbeidet med kommunar og ev. regionråd må ha eit særleg fokus i utforminga av ein vestlandsregion. Fleire kommunar meiner fylket kjem godt ut med omsyn til oppgåver når det gjeld politisk og administrativ organisering.

Samstundes som det er positivt at vi gjennom regionreforma kan få eit styrka fagmiljø knytt til kultur- og vegadministrasjonen i Førde og på Leikanger, må vi arbeide for å behalde sterke fagmiljø innanfor andre sektor- og fagområde som vestlandsregionen skal ha ansvaret for.

Tre kommunar peikar på at fylkestinget ikkje bør setje som vilkår at tannhelsetenesta framleis skal styrast frå det regionale folkevalde nivået. Tannhelsetenesta vert av desse definert som ei primærhelseteneste på lik line med andre helsetenester i kommunane. På fylkeskommunal side har det lenge vore ei felles oppfatning at det er i innbyggjarane si interesse at den offentlege tannhelsetenesta vere vidareført innanfor det forvaltningsmessige mellom-/regionnivået.

#### Økonomi og verdjar

Fire kommunar peikar på at Sogn og Fjordane ved å gå inn i ein vestlandsregion, slik intensjonsplanen skisserer, kan miste den lokale kontrollen over verdiane som t.d. ligg i Sogn og Fjordane Energi (SFE).

#### Fylkesmannsstrukturen og leiing av eit nytt fylkesmannsembete

Fleire kommunar peikar på at forhandlingsutvalet vann fram på eit særst viktig punkt då ein kom fram til at eit framtidig fylkesmannsembete på Vestlandet bør leiast frå Sogn og Fjordane. Fylkesmannsmbetet bør organiserast i ein desentralisert struktur, med brei regional arbeidsdeling. Kommunane peikar også på at fylkesmannen bør få ei geografisk inndeling som samsvarer med den nye folkevalde regionen.

Høyringsinstansar	Positive til ein vestlandsregion	Negative til ein vestlandsregion	Alt. geografisk inndeling aktuell	Nynorsk som adm.språk	Vilkåra i kap. 10 i int.planen viktige	Tannhelsetenesta ikkje eit vilkår	Anna presisering/ standpunkt
<u>Nordfjord</u>							
Bremanger	X			X			
Vågsøy	X						
Selje <sup>2</sup>							
Eid	X			X	X	X	
Hornindal		X	X				
Gloppen		X		X			
Stryn		X	X				
<u>Sunnfjord</u>							
Flora (adm.innstilling)	X			X	X		
Hyllestad	X			X			
Askvoll <sup>1</sup>	X		X	X		X	
Fjaler <sup>1</sup>	X		X	X		X	
Gaular <sup>2</sup>							
Jølster		X					Folkerøysting
Førde	X			X	X		
Naustdal		X					Folkerøysting
<u>Sogn</u>							
Gulen	X			X			
Solund <sup>2</sup>							
Høyanger <sup>2</sup>							
Vik	X			X	X		
Balestrand <sup>2</sup>							
Leikanger	X				X		
Sogndal	X			X	X		
Aurland	X			X	X		
Lærdal		X		X			Folkerøysting
Årdal	X			X	X		
Luster		X	X	X			Folkerøysting
Samla	14	7	5	15	8	3	

<sup>1</sup> Askvoll og Fjaler er positive til intensjonsplanen og vidare arbeid med ein vestlandsregion, men meiner det subsidiært bør arbeidast med å også få Møre og Romsdal med i ein ny region.

<sup>2</sup> Kommunar som fylkesrådmannen per 29.11.2016 ikkje har motteke høyringsfråsegner frå. Fråsegner som kjem inn etter denne dato vert ettersende til fylkestinget.

## **Fylkesmannen og regionale statsetatar sine høyringsvar**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar intensjonsplanen om samanslåing av fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein felles vestlandsregion. Fylkesmannen legg vekt på at regionen får ei desentralisert forvaltning, og at prinsippet om ei balansert regional utvikling i dei tre fylka når det gjeld fordeling av leiarfunksjonar og kompetansearbeidsplassar òg skal gjelde ved tildeling av nye oppgåver til ein ny og større region. Fylkesmannen understrekar vidare at ein ny vestlandsregion må få tilført oppgåver, mynde og verkemiddel som kan gje auka kraft til rolla som regional samfunnsutviklar.

Ei overføring av det som i all hovudsak er forvaltnings- og kontrolloppgåver frå Fylkesmannen til ein ny folkevald region, meiner fylkesmannen er lite tenleg. Dersom Stortinget vedtek ei ny regioninndeling som gjev vesentlege skilnader i folketal og areal mellom dei ulike regionane, bør det samstundes vurderast ei differensiert oppgåvefordeling mellom regionane.

Fylkesmannen legg til grunn at fylket ikkje skal delast, men gå samla inn i ein ny og større region, og det vert sett på som sjølvstøtt at nynorsk vert administrasjonsspråk i den nye regionen. Ein føreset òg at intensjonsplanen sitt kap. 10 e) om ei desentralisert forvaltning med leiing frå Sogn og Fjordane, vert oppfylt dersom fylkesmannsembeta vert slegne saman.

Statens vegvesen Region vest tek utgangspunkt i at ei samanslåing vil innebere ein folkevald region med same geografiske omfang som Statens vegvesen Region vest har i dag. Dette vert ein føremon, og vil gjere det enklare å utvikle det gode samarbeidet som er etablert etter regionaliseringa i vegvesenet i 2003. Ein samla vestlandsregion kan også gje positive effektar innanfor vegvesenet sitt ansvarsområde knytt til rolla som samfunnsutviklar. Dette vil både innebere ei meir samla utvikling av det regionale vegnettet, og evna til å sjå ulike transportformer i samheng over større geografiske område. I tillegg kan ein samla region medføre meir miljøvenleg transport i dei store byane, spesielt i Bergen og Stavanger.

Etter forvaltningsreforma i 2010 har alle tre fylkeskommunane teke større ansvar som vegeigar ved å profesjonalisere og styrke bestillarrolla innanfor sams vegadministrasjon. Dette har vore positivt for Statens vegvesen som leverandør av tenester innanfor sams vegadministrasjon. Statens vegvesen ser positivt på at relativt småe fagmiljø kan utviklast med omsyn til kompetanse og kapasitet.

Av andre regionale statlege etatar har t.d. Noregs vassdrags- og energidirektorat meldt attende at dei ikkje har merknader til intensjonsplanen for samanslåing til ein ny folkevald vestlandsregion.

## **Organisasjonar og enkeltpersonar sine høyringsvar**

### Overordna haldning til ein ny folkevald vestlandsregion, jf. intensjonsplanen

Av fylkesdekkande organisasjonar og enkeltpersonar som er positive til ein framtidig vestlandsregion, legg fleire vekt på at ein sterk vestlandsregion kan skape ein betre vekstballanse mellom Austlandet/Oslo og Vestlandet. Sogn og Fjordane er, med sine mange naturgjevne ressursar, svært attraktivt å ha med i regionen. Vidare utbygging av vegnett og samferdsle er avgjerande for utnytting av synergjar, og for at vestlandsregionen skal bli den politiske «motvekta» mange ønskjer. Fleire peikar også på at forhandlingsutvalet vann fram på eit viktig punkt då ein kom fram til at eit framtidig fylkesmannsembete på Vestlandet bør leiast frå Sogn og Fjordane.

Av fylkesdekkande organisasjonar og enkeltpersonar som stiller seg negative eller skeptiske til ein framtidig vestlandsregion, legg fleire vekt på at intensjonsplanen kviler på ei lite realistisk førestilling om delegering av makt til lokalt og regionalt nivå. Fleire understrekar at ein i denne saka har starta i feil ende: først geografi, så innhald. Grunnlaget for forvaltningsendringar av denne storleiken bør vere solid utgreidd, og ein bør kjenne oppgåvestruktur og dei faktiske konsekvensane for innbyggjarane når ein politisk skal ta stilling til regionreforma, hevdar fleire.



Eit anna argument som relativt mange trekkjer fram er at innbyggjarane ikkje i tilstrekkeleg grad har fått moglegheit til å involvere seg i saka, m.a. fordi dette ikkje var løfta fram som valkampsak i 2015. Gjennomgripande forvaltningsendringar bør bli førelagt innbyggjarane i form av politiske diskusjonar og ev. folkerøystingar, slik at eit deltakande demokrati ligg i botnen for viktige strukturendringar.

### Geografisk inndeling for ein ny region

Fylkesrådmannen merkar seg at eit standpunkt som fleire fremjar er at ei samanslåing bør reduserast til Hordaland og Sogn og Fjordane. Rogaland bør ikkje vere med i ein slik region, fordi aksen Stavanger - Bergen i seg sjølv vil vere utfordrande og i tillegg forsterke utkantpreget til Sogn og Fjordane.

### Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk

Eit stort fleirtal av organisasjonar og enkeltpersonar som har gjeve fråsegn er kritiske til at det i intensjonsplanen ikkje er slege fast at ein ny vestlandsregion skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. I dag har både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar vedtak om nynorsk, medan Rogaland er språknøytral. Fleire peikar på at dersom den nye vestlandsregionen ikkje gjer vedtak om nynorsk, vil det berre vere i Møre og Romsdal nivået mellom stat og kommune vert administrert på nynorsk. Det vil medføre eit tap for statusen til nynorsk om han nesten vert utradert som offisielt språk på regionnivået. Utan nynorskvedtak vil mange nynorskbrukarar få eit dårlegare vern om språket sitt enn dei har i dag.

Fleire høyringsinstansar understrekar at staten, kommunen og fylkeskommunen har eit språkpolitisk ansvar. Offisiell norsk språkpolitikk legg opp til styrking av nynorsk i offentleg målbruk. Nasjonalt representerer nynorsken eit språkleg mindretal. Mange meiner den store produksjonen av nynorsk tekst i fylkeskommunane er eit viktig bidrag for å gjere nynorsken synleg. Enkelte peikar på at i tillegg til å vedta eige administrasjonsspråk, bør vestlandsregionen krevje å få skriv frå alle statsorgan på nynorsk.

### **Arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonar sine høyringssvar**

LO Sogn og Fjordane understrekar at dette generelt er ei viktig sak, og at ho særleg er viktig for dei tilsette i administrasjonen i fylkeskommunen. Alle tilsette vil bli direkte eller indirekte råka av endringar i fylkeskommunen som forvaltningsnivå. LO er generelt skeptiske til ein vestlandsregion. Dette skuldast m.a. at dei nye statlege oppgåvene til regionane ikkje er klarlagde. Sidan stortingsfleirtalet er tydeleg på at regionreforma kjem, ber LO om at Sogn og Fjordane fylkeskommune tek omsyn til at nye og fleire oppgåver som staten i dag utfører, må på plass for at eit nytt regionalt folkevalt nivå skal vere aktuelt.

Både LO Sogn og Fjordane og NHO Sogn og Fjordane meiner eitt av måla med ein ny region må vere å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv for auka busetting og næringsutvikling. Ved å etablere vestlandsregionen vil næringslivet i større grad kunne vere i stand til etablering og næringsutvikling på tvers av dei noverande fylkesgrensene. Ein vestlandsregion vil i større grad også kunne dra til seg statlege oppgåver og arbeidsplassar. Det vil også bli lettare å få til større private etableringar. Ein samla region på Vestlandet vil kunne konkurrere med hovudstadsområdet. Vestlandregionen vil kunne sjå marine og maritime vekstnæringer i samanheng og dermed kunne oppnå auka verdiskaping og vekst i tal arbeidsplassar. I den nye Vestlandsregionen er det viktig at heile regionen får nytte av statlege og regionale innovasjons- og utviklingsmidlar.

### Administrativ organisering og leiingsdeling

Fleire tilsetteorganisasjonar, m.a. Forskarforbundet, Tekna og Fagforbundet, trekkjer fram spørsmål som koplar rolla som framtidig arbeidsgjevar til samfunnsutviklarrolla til ein vestlandsregion. Her peikar ein på nødvendigheita av at ein legg på plass ein strategi for brei fagleg og geografisk rekruttering. Det er viktig å kunne rekruttere den beste fagkompetansen uavhengig av kvar leiingsansvaret er geografisk plassert.

Intensjonsplanen legg opp til at ein vestlandsregion skal ha fire hovudutval, og at desse vil danne utgangspunktet for korleis og kvar den administrative leiinga skal vere plassert. Det vert slik sett lagt opp til ei sentralisering av alle administrative leiarfunksjonar. Fleire organisasjonar er uroa for at dette kan gjere det vanskelegare å rekruttere til nøkkelstillingar og stillingar med spisskompetanse i områda langt unna toppleiinga. Det er viktig at vestlandsregionen har eit mål om, og ein konkret plan for, å halde på kompetansearbeidsplassar i heile organisasjonen og i heile regionen. Med ein sentralisert leiarstruktur er det viktig å sikre at ikkje organisasjonen vert for «topptung», og at rekruttering av nøkkelstillingar ikkje i for stor grad berre vert gjort til den staden der den administrative sektor-/fagleiinga sit.

Med Bergen som administrasjonssenter, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing, stiller fleire organisasjonar spørsmål til korleis den nye administrasjonssjefen vil leggje opp funksjonar som t.d.:

- a) Økonomi (planlegging og løn- og rekneskapsfunksjonar),
- b) Innkjøpstenesta,
- c) HR-funksjonar/personal,
- d) IKT-tenesta,
- e) Bygge- og eigedomstenesta,
- f) Informasjons- og kommunikasjonstenesta.

Fylkesrådmannen støttar tilsetteorganisasjonane i at Sogn og Fjordane fylkeskommune i den førebuaende fasen må ha eit medvite forhold til kva ei sentralisering av leiarfunksjonar innanfor sentrale stabs- og støttefunksjonar får å seie for dei tilsette innan desse områda. Slik intensjonsplanen er utforma, er det ope om sentrale stabs- og støttefunksjonar vert samla og samlokaliserte i Bergen, *eller* om desse skal leiast frå Bergen i ein framtidig vestlandsregion. Fylkesrådmannen meiner dette er eit relevant innspel som fylkestinga og fellesnemnda må arbeide aktivt med etter eit ev. positivt samanslåingsvedtak.

Utdanningsforbundet meiner fylkestinget i si vurdering bør leggje vekt på i kva grad ei fylkessamanslåing fører til betre kvalitet i den vidaregåande opplæringa og eit betre utdanningstilbod for elevane. Sjølv om Sogn og Fjordane har ein relativt desentralisert skulestruktur, er vi det fylket som har størst del elevar som bur på hybel. For elevane er det viktig at vi kan ha ein desentralisert skulestruktur, og at tilbodsstrukturen vert lagt slik at vi framleis som hovudregel kan tilby alle utdanningsprogram innan for det geografiske området som dagens fylkeskommune omfattar. Retten til vidaregåande opplæring er knytt til eit av tre utdanningsprogram. For elevar som ikkje har grunnskulepoeng nok til å konkurrere seg inn på tilbod lokalt eller ved den skulen dei ønskjer å gå på, som normalt òg vil vere den elevgruppa der risikoen for fråfall er størst, bør ein sjå på mogleghetene for inntaksområde som er mindre enn heile vestlandsregionen. Utdanningsforbundet meiner elles dei vidaregåande skulane må rammefinansierast etter ein modell der utdanningsprogram og klassetal/gruppetal er dei viktigaste nøkkeltala for tildeling. Stykkprisfinansiering vil kunne gje uheldige konsekvensar særleg for dei minste vidaregåande skulane.

Med store geografiske avstandar og 83 vidaregåande skular, meiner Utdanningsforbundet det vil vere naudsynt å gje auka ansvar og mynde til einingsleiarane/rektorane. Ressursane til skuleleiing må då aukast. Større avstandar – både geografisk og i lengre tenesteveg – og fleire involverte vil gje større samordningskostnader og transaksjonskostnader. Opplæringssektoren kan ikkje styrast berre gjennom saksførebuing, politiske vedtak og kontroll, men må leiast gjennom formidling, forankring, rettleiing og fagleg støtte for rektorane. Leiing krev nærleik og kjennskap til den einskilde skulen sine utfordringar. Det vil vere behov for koordinering og faglege stab- og støttefunksjonar på eit lågare nivå og med eit mindre geografisk dekningsområde enn ein storregion. Fylkesrådmannen støttar at det vil vere naturleg å finne gode løysingar for dette med utgangspunkt i opplæringsavdelingane i dagens fylkeskommunar.

Tekna legg til grunn at det så langt ligg føre for lite kunnskap om føremonar og ulemper ved å etablere ein vestlandsregion. Mellom anna har sentrale styresmakter ikkje sagt tilstrekkeleg om kva oppgåver dei nye regionane kan få overført frå sentralt hald. Tekna set som ein føresetnad for ei samanslåing at oppgåvene innan viktige ansvarsområde vert desentraliserte og overførte frå sentrale styresmakter, slik at reforma ikkje berre vert ei overflytting av oppgåver frå andre regionale aktørar.

Fylkesrådmannen støttar fullt ut at etableringa av større regionar må få konsekvensar òg for dei statlege sentralt plasserte etatane, departement og direktorat. Større og robuste fagmiljø i regionen kan ivareta fleire av departementa, direktorata og statlege etatar sine oppgåver på ein kompetent måte.

Fagorganisasjonane meiner elles ein ikkje må undervurdere kulturskilnadane som er mellom fylka som skal danne den nye regionen. Det er først og fremst dei tilsette i sentraladministrasjonen som vert råka av reforma. Det er difor viktig at dei som skal representere dei tilsette vidare i denne prosessen i stor grad representerer tilsette i sentraladministrasjonen, og vert peika ut av tillitsvalde her.

Fylkesrådmannen stiller seg bak kravet frå fagorganisasjonane om at dei tillitsvalde får plass i alle partssamansette utval og arbeidsutval som berører dei tilsette sine arbeidsvilkår og oppgåver.

## **5. Oppfølging av eit ev. vedtak om samanslåing**

### **Inndelingslova**

Når det ev. er gjort vedtak om samanslåing av dei tre fylkeskommunane, bestemmer inndelingslova § 25 at Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal kalle fylkestinga saman til fellesmøte der m.a. følgjande tema skal drøftast og avklarast:

- a) Namn på den nye regionen.
- b) Tal medlemer i det nye fylkes-/regiontinget.
- c) Kriterium for samansetjing av, og funksjonar til, ei fellesnemnd etter Inndelingslova sin § 26.
- d) Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Etter at fylkestinga i fellesmøta har drøfta dei spørsmåla som er nemnde i inndelingslova, skal fylkestinga kvar for seg gjere formelle vedtak om det ein er samde om. Fylkestinga må i denne runden vedta mynde og reglement for fellesnemnda. Alle spørsmåla skal vere utgreidde og førebudde på førehand, slik at fylkestinga skal gjere mest mogleg gjennomdrøfta og målretta vedtak. Når dei formelle spørsmåla er avklarte, må fylkestinga gjere nødvendige vedtak for å setje i verk den administrative, praktiske samanslåingsprosessen for dei tre fylkeskommunane.

### **Personalpolitisk prosjektgruppe for planlegging og gjennomføring**

Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk, og som skal vurdere ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningslinjer for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad. Samanslåinga skal ikkje svekke arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen.

### **Fellesnemnda sitt ansvar i planleggings- og gjennomføringsfasen**

Fylkesrådmannen meiner fylkestinget bør oppnemne sine representantar til nemnda i april 2017, jf. inndelingslova. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få. Fylkesrådmannen syner her til det som tidlegare i saksutgreiinga er tilrådd i høve fellesnemnda.

## 6. Fylkesrådmannen si samla vurdering og tilråding

### Innleiande vurderingar

Eit sentralt utgangspunkt for intensjonsplanforhandlingane var handsaminga av Meld. St. 22 (2015-16), der ein fekk stadfesta at det er fleirtal på Stortinget for å redusere talet på folkevalde regionar i Noreg til om lag 10. Etter ein omfattande prosess som involverer fylkeskommunane, kommunane, organisasjonar og innbyggjarane, skal Stortinget, i samsvar med inndelingslova kap. 4, gjere vedtak om samanslåing av fylke (§§ 4 og 5) i løpet av vårsesjonen 2017.

Gjennom den offentlege høyringa har det kome fram at eit fleirtal av kommunane i Sogn og Fjordane meiner intensjonsplanen dannar eit godt utgangspunkt for ei regionreform på Vestlandet. Fylkesrådmannen har valt å leggje stor vekt på kommunane sine tilbakemeldingar. Fylkesrådmannen er likevel også tydeleg på at det er ei rekkje utfordringar og føresetnader som må på plass for at ein vestlandsregion skal vere tenleg for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har heile tida lagt til grunn at fylket ikkje skal delast, men gå samla inn i ein ny region. Dette gjeld anten fylket går saman med Hordaland og Rogaland, eller om fylket inngår i ein annan regionstruktur frå 2020. Dette bør vere eit ufråvikeleg krav frå fylkestinget i Sogn og Fjordane.

Meir forpliktande regionale planar som femnar om heile Vestlandet vil kunne styrke det regionale folkevalde nivået sin innverknad på samfunnsutviklinga. Trongen for statleg overordna planverk på tvers av dagens fylkesgrenser vert då monaleg redusert. Statleg forplikting i regionale planprosessar må vere eit krav Stortinget følgjer opp i samband med regionreforma, jf. føringane i Meld. St. 22 (2015-16).

Større regionar vil leggje til rette for breiare fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både noverande og framtidige roller og oppgåver. Større og robuste fagmiljø i regionen kan ivareta fleire av departementa, direktorata og statlege etatar sine oppgåver. Vestlandsfylka vil ha potensial for å utvikle sterke fagmiljø på fleire område, og har solide tradisjonar for å samhandle svært effektivt og profesjonelt med utgangspunkt i ein desentralisert struktur og delte administrasjonsmiljø. Nye arbeidsformer og digitalisering er verkemiddel for å bli effektive og framtidsretta i ein desentralisert organisasjon.

Generalistprinsippet inneber at dei minste fylkeskommunane/regionane er dimensjonerande for kva for nye oppgåver regionane kan få i samband med regionreforma. Regjeringa peikte alt i Meld. St. 14 (2014-2015) på at ein vil vurdere å påleggje interkommunalt samarbeid eller innføre oppgåvedifferensiering der geografiske avstandar gjer at kommunar ikkje kan slå seg saman. Fylkesrådmannen tek til orde for ei oppmjuking av generalistprinsippet, der dei nye, store folkevalde regionane får tillagt oppgåver som mindre regionar/fylke ikkje har innbyggjartal og kompetanse til å løyse.

### Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen vurderer det slik at den statleg initierte regionreformprosessen anten kan føre til at tal folkevalde fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert, eller at tal fylkeskommunar/regionar vert vidareført på tilnærma dagens nivå. Fylkesrådmannen meiner fylkestinget primært bør stille seg positiv til at tal fylkeskommunar/regionar vert vesentleg redusert. Viss Stortinget gjer vedtak om ein slik reduksjon, er vår fylkeskommune såleis positiv til at vi blir ein del av ein større region. Viss Stortinget derimot kjem fram til at tal fylkeskommunar/regionar skal først vidare på tilnærma dagens nivå, bør fylkestinget gjere det klårt at Sogn og Fjordane ønskjer å halde fram, og vidareutvikle seg, som eigen region.

Fylkestinget sitt **primære standpunkt** føreset såleis at Stortinget i juni gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar, og inneber at Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland går saman i ein ny region – Vestlandsregionen. Fylkesrådmannen meiner i så fall fylkestinget må leggje intensjonsplanen av 15.09.16 og den gjennomførte høyringsprosessen – og særleg uttalane frå

kommunane – til grunn for eit slikt vedtak. Fylkestinget må leggje til grunn at fylkestinga i Rogaland og Hordaland også går inn for at dei tre fylkeskommunane søker om samanslåing.

Fylkestinget bør ta sikte på å nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017, jf. inndelingslova § 26. Ein vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.

Fylkestinget bør leggje intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein slik vestlandsregion, men bør samstundes gjere følgjande presiseringar alt no:

Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.

Fylkesrådmannen stiller seg bak fleirtalet av høringsfråsegnene som hevdar at nynorsk bør vere administrasjonsspråk for ein vestlandsregion. Dette er gjeldande også i dag i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. I dag er Sogn og Fjordane det fylket der nynorsken står aller sterkast, og det einaste fylket der nynorsken er eit majoritetsspråk. Fylkestinga bør ved oppnemning av fellesnemnd våren 2017 gje nemnda mynde til å vedta administrasjonsspråk for ein framtidig vestlandsregion.

Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.

Ekspertutvalet som skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både samfunnsutviklarrolla og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.

Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leing frå Sogn og Fjordane.

Fylkestinget sitt **subsidiære standpunkt** bør også setje som føresetnad at Stortinget gjer vedtak om ein vesentleg reduksjon i tal fylkeskommunar/regionar. Fylkesrådmannen gjer framlegg om at fylkestinget, dersom intensjonsplanen av 15.09.16 berre får tilslutning i Sogn og Fjordane og Hordaland, subsidiært tek sikte på at Sogn og Fjordane søker vidare forhandlingar med Hordaland og ev. også Møre og Romsdal.

I dette tilfelle bør det fylkeskommunalt oppnemnde forhandlingsutvalet få i oppdrag å søkje og gjennomføre ein ekstra forhandlingsrunde med Hordaland. Desse forhandlingane må vere avslutta i januar 2017, gjennom ekstraordinære fylkesting i begge fylka. Dette føreset at Hordaland er innstilt på ein slik ekstrarunde, samt at ein på statleg hald aksepterer dette.

I dette tilfelle, og i framkant av ein slik ev. ekstrarunde, bør fylkestinget leggje til grunn at Sogn og Fjordane og Hordaland på nytt inviterer Møre og Romsdal med på forhandlingar. Ev. slike forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal fylkeskommune må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at Hordaland aksepterer ein slik invitasjon.

Framlegget til vedtak er tilpassa ovannemnde eventualitetar.